



Avdeling Bamsebu og dei som går i utebarnehagen ventar i spenning på at den samiske festmaten skal putre ferdig i gryta på Samefolkets dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kanskje gjekk det nokon hus forbi at 6. februar er Samefolkets dag. Det gjorde det ikkje i barnehagen i Uskedalen, der avdeling Bamsebu (3-6 år) og utebarnehagen markerte dagen på skikkeleg vis. Der tok dei med andre ord konsekvensen av den nye rammeplana, som gjeld frå i fjor haust. I den heiter det at barnehagen skal formidla samane sin kultur.**

I barnehagen i Uskedalen fanst det ikkje korkje samar eller rein tirsdag 6. februar, men det spela ingen rolle. For å ta reinen først så gjorde ein trekrakk med reingevir på samme nytten. Ungane kasta lass og rei på "reinen" som om dei aldri skulle gjort noko anna.

I gryta putra samane sin fastmat bidos, som består av reinskjøt, gulerøtter, poteter, lauk, timian, salt og pepper. I radioapparatet joika Mari Boine og dei ansatte fortalde mykje om samana og korleis dei lever. Planen er at barnehagen ikkje skal stoppa med dette, men halde fram med samekulturen som eit prosjekt.

- Det har ikkje vi vaksne vondt av heller. Også vi veit for lite om urbefolkningen vår, vart det sagt på Samefolkets dag.

Visste heller ikke du om denne dagen? Den står i den sjuande sansen din!

Av Ola Matti Mathisen



Ein høgst provisorisk rein var populær i barnehagen på Samefolkets dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)